

Olje- og Energidepartementet

Høyringsvar vedrørende vindkraftutbygging i Kvinnherad ; frå Åkra i Kvinnherad

"Eg bur oppunder fjell"

Fjellheimen er næringsgrunnlag for oss som bur i bratte lia mellom fjord og nut :
Småbrukarane treng fjellbeitet og
driv i fjellet attåttnæring :
t.d. hjortejakt, safari for ryttrarar+kløvhest og andre turisttilbod.

Vindkraftutbygging vil verta eit fysisk og psykisk vonde som trugar levevegen,
kulturlandskapshaldet, rekreasjonstilbodet ved stølshus og hytter og difor også
busetnaden på desse kantar. Fjellbønder vil kan hende måtte oppgi busetnad
f. skuld helsefarleg nærleik til utbyggingsområdet.

"Mållaust liv har og e mening du lyt sjå og tenkje på"

Det biologiske mangfaldet vert særskadelidande ved ei vindkraftutbygging.
Kvinnherad har eit verna areal for flora og Folgefonna ligg i verneområde,
men me ønskjer vern av heile kommunen :
for vindkraftutbygging vil vera ein skremmeleg trussel mot faunaen vår.
Den urørde naturen er ein resurs både fastbuande og tilreisande verdset høgt !

" Når du vil på fjellesti – og skal nisten snøre "

Her er så mange kvinnheringar og tilreisande som brukar fjellheimen som eit
friluftslivs-, aktivitets- og rekreasjonstilbod året rundt !
Turstiar er rydda, stølshus er restaurerte, rastehytter er bygde.
Motbakkeløpa endar på ein fjelltopp, og kvitteringsbøkene på dei ulike toppane
viser godt besøk. Ut frå skisentra og skogsvegane går vintersdagsturane
vide omkring i Kvinnheradsfjella.
Sommarsdagen vert det halde gudsteneste i fjellet.
Våre utflytte etterkommarar reknar Kvinnheradsnaturen å vera viktig grunn
for ønskje om å flytte heimatt. Vegen mellom fjord og fjell er så kort at dei på
feriedag har høve til bruk av begge resursar.

"Dei gamle fjell i syningom" ... MÅ ALLTID VERA EINS Å SJÅ !

I himmelranda gir dei unike fjellkonturane i Kvinnherad augo våre ei estetisk nyting
som nærer våre sjeler ! Denne lykka er umisteleg for kvar og ein som
får oppleve ho, umisteleg for nordmenn så vel som for gjestande utlendingar !

Ver gilde å forstå og imøtekomme bøn om å verne Kvinnherad
mot vindkraftutbygging !

NEI TIL VINDMØLLER I KVINNHERAD !

frå

Sunniva Brekke
5499 Åkra

